



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

02.11.2021

Vår ref:

2021/14314

Dykkar dato:

07.10.2021

Dykkar ref:

20/7347

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon - Alver - 499/2 Ystebø - badeplattform rastepllass og parkering for badepllass ved Austevatnet

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.10.2021. Saka gjeld søknad om badeplattform, rastepllass og parkering for badepllass ved Austevatnet. Kommunen har vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot sjø, men at tiltaka vil vere i samsvar med LNF-formålet.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

LNF-område skal i utgangspunktet vere ubygde, med unntak av naudsynte tiltak for landbruk. Det opnast også for enkle tiltak for å legge til rette for friluftsliv. I denne saka omfattar søknaden parkering på 10x1,4 m, universell utforma bru på om lag 10 x 1,4 meter, rastepllass på om lag 14 m², og badeplattform på om lag 12 m². Statsforvaltaren vurderer at tiltaka som her er skissa går utover det ein kan kalle enkel tilrettelegging for friluftsliv. Vi meiner difor at det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet.

Etter det vi kan sjå ligg tiltaka langs eit vatn, og ikkje langs sjø. Kommuneplanen for tidlegare Radøy kommune har byggegrense på 25 meter til vassdrag i dette området. Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag.

I utgangspunktet bør ein vurdere i kommuneplanen kor ein ønsker å tilrettelegge for ålmenta på denne måten. Slik at tiltaka kjem på riktig plass.

Det er ikkje opplyst i kva grad tiltaka krev fjerning av kantvegetasjon. Vi viser til vassressurslova § 11. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Ein kan ikkje utan vidare fjerne kantvegetasjon. Dette må i så fall søkst om til Statsforvaltaren i Vestland.



Det kjem heller ikkje klart fram kor mye terrengarbeid ein legg opp til. Dette må kome klart fram i saka.

Det er registrert naturtype rik edellauvskog rett søraust for omsøkt parkering. Det er viktig at denne ikkje vert råka. Det er også registrert fleire artar i nærleiken som er på raudlista. Vassrikse er raudlista som trua (VU) og lokaliteten er truleg eit viktig område for arten, særleg vinterstid men kanskje også som mogleg hekkeområde. I tillegg er det registrert sivsongar som indikerer greie våtmarksmiljø med kantsone, i tillegg til andre naturverdiar som ikkje er omtala/vurderte. Vi vurderer at kunnskapen omkring naturmangfaldet og konsekvensane av tiltaket ikkje kjem godt nok fram i søknad og saksutgreiling frå kommunen. Dette er ikkje tilstrekkeleg til å få eit godt grunnlag for opplyst vedtak i tråd med naturmangfaldlova § 8 og forvaltingslova § 17.

Dei omsøkte tiltaka skal vere for alle, og det kan slik sett vere eit godt tiltak for friluftsliv og folkehelse. Det er likevel viktig at slike tiltak ikkje går på kostnad av andre verdiar i området som naturmangfald, landskap og friluftsliv i form av opphold i urørt natur. I denne saka kan tiltaka særleg gå utover naturmangfald i område, og Statsforvaltaren rår difor ifrå dispensasjon i saka.

Om kommunen likevel vel å gå vidare med saka må verknadane opplysast betre. Verknad på viktig naturmangfald må vurderast grundig. Ein eventuell dispensasjon kan ikkje påverke viktig naturmangfald negativt. Vilkåra for å kunne dispensere vil i så fall ikkje vere til stades.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN